




# SANDE KOMMUNE

## RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN

### AREALDEL 2020-2033

### PLANPROGRAM FOR:

- ETABLERING AV BYGGEGRENSER MOT SJØ (JF. 100 M`S BELTET)
- ETABLERING AV BYGGEGRENSER MOT OFFENTLEG VEG
- ETABLERING AV BYGGEGRENSER MOT VASSDRAG SOM HAR BETYDNING FOR NATUR-, KULTURMILJØ- OG FRILUFTSINTERESSER



Saka sitt namn: Kommuneplanen sin arealdel; rullering gjeldande byggeareal i kommuneplanen som ikkje har fastsett naudsynthe byggegrense i gjeldande kommuneplan/gjeldande reguleringsplanar.

Dokumentet sitt namn: Planprogram for etablering av byggegrenser mot sjø (jf. 100 m` s beltet), mot offentlig veg og langs vassdrag som har stor betydning for natur-, kultur- og friluftsiinteresser.

DokumentID: 20/5093

ArkivsakID: 19/11820 – Kommuneplan – Arealplan for Sande kommune -2020

Kommunestyresak: 100/20

Oppdragsgjevar: Sande kommune

Oppdragsgjevar sin representant: Teknisk sjef Kjell Martin Vikene (KMV)

AG Plan og Arkitektur AS:

Oppdragsleiar/sakshandsamar: Sivilingeniør/planleggar Kåre Gjengedal

<b>2</b>	<b>15.01.2021 **)</b>	<b>15</b>	<b>KG</b>	<b>KMV/OI</b>	<b>KMV/OI</b>
1	28.10.2020 *)	16	KG	KMV	KMV
	24.9.2020	16	KG	KMV	KMV
Revisjon nr.	Dato	Tall sider rapport	Utarbeidd av	Kontrollert	Godkjent

Signert rapport original er arkivet hjå AG Plan og Arkitektur AS

\*\* ) Rev etter off. ettersyn av framlegg til planprogram. Handsamingsdato går fram av saksdokumenta i saka.

\*) lagt til saksnr. og fristar

Oppdragsnr.	Dokument nr	Namn på fil
2337	01-0	P:/prosjekt/2337/plandata tekst/planprogram/ 2337-planprogram.docx

## Innhald:

<b>1</b>	<b>SAMANDRAG</b> .....	<b>5</b>
<b>2</b>	<b>INNLEIING</b> .....	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>NØKKELOPPLYSNINGAR</b> .....	<b>7</b>
<b>4</b>	<b>BAKGRUNN, FORMÅL OG KONSEKVEN SAR FOR PLANARBEIDET</b> .....	<b>8</b>
4.1	Bakgrunn .....	8
4.2	Formål med planarbeidet.....	9
4.3	Konsekvensar, krav om konsekvensutgreiing .....	9
<b>5</b>	<b>OVERORDNA RAMMER OG FØRINGAR</b> .....	<b>11</b>
5.1	Kommunale planar .....	11
5.2	Lovverk .....	11
5.3	Statlege rundskriv og rettleiarar .....	11
5.4	Fylkeskommunale plandokument .....	11
5.5	Oppstart av planarbeid.....	11
5.6	Utarbeiding av planframlegg.....	12
5.6.1	Arbeid med planskisse for byggegrenser .....	12
5.6.2	Vurdering av ev. alternativ .....	12
5.6.3	Arbeid med planomtale og vurderingar .....	13
5.6.4	Arbeid med endeleg plandokument .....	13
5.6.5	Handsaming av planframlegg i formannskap.....	13
5.7	Offentleg ettersyn .....	13
5.8	Handsaming av plan og utgreiing.....	13
<b>6</b>	<b>PLANPROSESS, ORGANISERING OG MEDVERKNAD</b> .....	<b>13</b>
6.1	Planprosess.....	13
6.2	Organisering .....	14
6.3	Medverknad .....	14
<b>7</b>	<b>FRAMDRIFT</b> .....	<b>15</b>

**Vedlegg A:** (Utgreiingar, uprenta ligg på kommunen si heimeside)

- SANDE KOMMUNE, kommuneplan 2014-2026, AREALDEL, Plankart (heile kommunen)
- SANDE KOMMUNE, kommuneplan 2014-2026, AREALDEL, Plankart kommunedelplan for Larsnes

- SANDE KOMMUNE, kommuneplan 2014-2026, AREALDEL, Føresegner
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning langs strandsona langs sjøen(100 meters beltet langs sjøen). UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGGTIL REV. KOMMUNEPLAN (kommuneplan 2014-2026)


**Vedlegg B:** (Utgreiingar, uprenta ligg på kommunen si heimeside)

- SANDE KOMMUNE, kommuneplan 2014-2026, AREALDEL, Planomtale med hovudpunkt konsekvensutgreiing og ROS
- Kommuneplanen sin Samfunnsdel - PLANPROGRAM (2020)
- Kommunen sin Planstrategi (2020)
- KONSEKVENSLUTGREIING; UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGG TIL REV. KOMMUNEPLAN (kommuneplan 2014-2026)
- NATURMANGFALDSLOVA, UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGG TIL REV. KOMMUNEPLAN (kommuneplan 2014-2026)
- STORLEIK PÅ NAUST OG NAUSTA SIN BRUK - UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKET I FRAMLEGG TIL REV. KOMMUNEPLAN (kommuneplan 2014-2026)

## 1 Samandrag

Planprogrammet skal fastlegge korleis kommunen har tenkt å arbeide med revideringa av kommuneplanen sin arealdel gjeldande byggegrenser mot sjø, mot offentleg veg og langs vassdrag som har stor betydning for natur-, kultur- og friluftsiinteresser. Det vert vist til viktige tema som skal utgreiast og kva målsetting som gjeld for planarbeidet. Som grunnlag for planprogrammet ligg vedteken/gjeldande arealplan, planprogram for Samfunnsdelen til kommuneplanen 2020-2033 (vedteke juni 2020) og kommunen sin Planstrategi (vedteke august 2020). Det skal ikkje takast inn nye areal i kommuneplanen sin arealdel som del av denne saka.

Ei av hovudutfordringane i kommuneplanarbeidet er legge til rette for tiltak som kan medverke til auka busetnad i kommunen. Kommunen har 95 % arbeidsdekning, noko som i praksis vil seie at mange av dei som arbeider i kommunen bur i andre kommunar. Det er eit siktemål for kommunen å styrkje bulyst i Sande kommune, slik at folketalet kan få ei meir balansert utvikling i forhold til den sysselsettinga som verksemdene i kommunen bidreg med. Det går fram av folketalsutviklinga i siste 10 års periode at folketalsutviklinga har vore og er den store utfordringa i Sande kommune (og i Møre og Romsdal Fylke).



Eitt av hovudfokusa planprogrammet difor legg til grunn er prioritering av levekåra til dei fastbuande og utviklingsmuligheiter for eksisterande og nye verksemdar. Fastsetjing av byggegrenser på byggeareala står sentralt i dette arbeidet.

## 2 Innleiing

Plan- og bygningslova av 2008, § 4-1, krev at det skal utarbeidast planprogram for alle regionale planar og kommuneplanar. Planprogrammet skal danne grunnlag for planarbeidet.

Planprogram skal generelt gjere greie for følgjande tilhøve:

- Føremålet med planarbeidet, kva tema som skal utgreiast
- Omtale planprosessen
- Kva fristar som gjeld og kven som skal delta i arbeidet
- Opplegg for medverknad; særleg retta mot grupper som vert særleg berørt

- Kva alternativ som vert vurdert
- Kva utgreiingar som trengst i tillegg til kunnskap som er tilgjengeleg i offentlege databasar (jf. plansjekk i tilknytning til planprogrammet)

Forslag til planprogram vart lagt på høyring/ute til offentleg ettersyn samstundes med varsling av oppstart av planarbeidet. Arbeidet vart kunngjort ved annonse i lokalavisa 30.10.2020, med frist for å kome med innspel/merknad sett til 14.12.2020. Det kom inn 9 merknader/innspel til planarbeidet.

For planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og omtale – konsekvensutgreiing av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. § 4-2 i plan- og bygningslova. Det presiserast her at allereie utarbeidde relevante dokument, knytt til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel vedteken i 2015, leggest til grunn for planarbeidet. Dokumenta vil i nødvendig grad bli oppdaterte.

### 3 Nøkkelopplysningar

Kommune:	Sande kommune
Stad/adresse:	6084 Larsnes
Forslagstillar:	Sande kommune
Dato varsling oppstart:	25.09.2020
Dato planprogram:	17.09.2020
Eksisterande planstatus:	Kommuneplan, arealdel, 2014-2026 <i>Planprogram for arbeid med rev. Samfunnsdel 2020-2033 (vedteke juni 2020 – K-sak 81/20)</i> <i>Samfunnsdel, 2020 – 2033 (utkast under arbeid)</i> <i>Kommunen sitt Planstrategi (vedteke 8. september 2020 – K-sak 91/20)</i>
Grunnlag for konsekvensanalyse:	Pbl kap. 4, Forskrift om konsekvensutgreiing kap. 2 (§6 bokstav a)
Kunngjering planprogram, dato:	30.10.2020
Varslingsdato berørte partar (digitalt):	seinast 30.10.2020
Høyringsperiode:	30.10.2020 –14.12.2020
Medverknad utover varsling (j/n):	Folkemøte, møte med særskilde grupper; dato: (fastsetjast seinare).
Godkjenning av planprogrammet i kommunen:	Kommunestyret 02.03.2021, i sak 12/21

## 4 BAKGRUNN, FORMÅL OG KONSEKVENSAAR FOR PLANARBEIDET

### 4.1 Bakgrunn

Sande kommune sin kommuneplan – arealdelen - vart vedteken av Sande kommune i 2015. Gjeldande plan var ei rullering av tidlegare arealplan og består av både tidlegare og nye byggeareal. Ei rekkje reguleringsplanar er føresett å gjelde framfor arealdelen i kommuneplanen, jf. føresegnene.

I ettertid av planvedtaket er tolkinga og bruken av plan- og bygningslova sin §1-8 «Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag» gitt ei konkretisering som fører til at byggeforbodet gjeld i 100 m` s sona med mindre det konkret ligg føre fastsett byggegrense i gjeldande planar. Dette sjølv om «heile byggearealet» ligg i 100 m` s beltet og arealbruken i kommuneplanen eller ev. i gjeldande reguleringsplanar er godkjent gjennom lovlege planvedtak. Departementet har i ein uttale frå 08.03.17 lagt til grunn at kravet til byggegrense vil gjelde for alle planar, òg eldre planar vedtatt etter tidlegare plan- og bygningslov. Det er altså ikkje tilstrekkeleg at området er avsett til utbyggingsføremål. Det må gå tydeleg fram av gjeldande plan at det er fastsett konkret byggegrense i planen.

I kommuneplanen sin arealdel inngår ikkje byggegrenser, korkje langs sjø, langs vassdrag eller langs off. veg. I ei rekkje reguleringsplanar, som i kommuneplanen si føresegn til arealdelen er føreset framleis skal gjelde, er der heller ikkje byggegrense mot sjøside, langs off. veg eller mot vassdrag. Dette skaper problem for handsaming av enkeltsaker og stoppar i prinsippet slike saker for realitetshandsaming (sett bort frå ev. dispensasjonssaker).

Sande kommune er elles i gang med revisjon av samfunnsdelen i kommuneplanen (2020-2033). Arbeidet som no vert sett i gang med byggegrenser vil ikkje vere i konflikt med igangsett revisjonsarbeid med samfunnsdelen, men vil vere ei vidareføring av «arbeidsoppgåver» som fastsettast der, jf. utkast til samfunnsdel vedteken av K-styret i møte 30.06.20, jf. også vedteken Planstrategi. Seinare revisjon av arealdelen vil vere meir omfattande og medføre lengre planprosessar. Det er såleis konkludert med at gjeldande arealdel og gjeldande reguleringsplanar skal omfattast av det no aktuelle planarbeidet med byggegrenser. Dei prinsipp som no vert fastsette vert å vidareføre ved seinare revisjon av arealdelen. Dokument som vart utarbeidde i samband med arealdelen vedteken i 2015 vert lagt til grunn. Vi kan ikkje sjå vesentlege endringar i forhold knytt til strandsonevernet sidan 2015. Ved fastsettinga av byggeareala i kommuneplanen sin arealdel (2015) vart omsyn til område med spesiell verdi for friluftsliv og almen ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfald, hovudtrekk i landskapet, kulturlandskap, kulturmiljø, og særigne forhold til kystkulturen teke omsyn til. Der det skulle vise seg å ligge føre vesentlege endringar i forhold til naturmangfald, kulturminner (nye funn som er verna) mv. vert plandokumenta å oppdatere. Det leggst til grunn at det ikkje skal takast inn nye byggeareal som del av denne saka om byggegrenser.

Det visast til:

- SANDE KOMMUNE, KOMMUNEPLAN 2014-2026, AREALDEL, Planomtale med hovudpunkt konsekvensutgreiing og ROS



- SANDE KOMMUNE, KOMMUNEPLAN 2014-2026, AREALDEL, Plankart (heile kommunen)
- SANDE KOMMUNE, KOMMUNEPLAN 2014-2026, AREALDEL, Plankart kommunedelplan for Larsnes
- SANDE KOMMUNE, KOMMUNEPLAN 2014-2026, AREALDEL, Føresegner

## **4.2 Formål med planarbeidet**

Planarbeidet skal fastlegge naudsynt byggegrense på byggeareal konkretisert i kommuneplanen sin arealdel. I noverande føresegner **2.5 Byggegrense mot sjø og vassdrag**, jf. **PBL § 11 – 9 nr. 5**, jf. **§ 1-8 nr. 3** vert det lagt til grunn at byggegrensa mot sjø skal fastleggast i reguleringsplan for dei enkelte områda. Basert på erfaringa med enkeltsaker og manglande byggegrense i forhold til pbl §1-8, har kommunen konkludert med at byggegrensa skal fastsetjast på eit overordna nivå (arealdelen i K-planen) på heilskapleg vis og som følgje av konkret vurdering. Byggegrensene mot sjø, offentleg veg og vassdrag vil bli teke inn som ei bestemming i føresegna til arealdelen, slik at byggegrensene også skal gjelde for dei reguleringsplanane som i føresegna til arealdelen «**3.4 Område der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde, PBL § 11 – 8 f, §11-11 nr. 5 og jf. § 12 - 6 (H910)**» har bestemt, skal gjelde før arealdelen i kommuneplanen. Sameleis reguleringsplanar som er vedtekne etter arealdelen. Dette medfører då at byggegrense som vert fastsett i arealdelen no over styrer gjeldande forhold i regulerings-planane.

Det visast elles til gjeldande føresegn i arealdelen i kommuneplanen vedkomande:

- a) **2.5 Byggegrense mot sjø og vassdrag, jf. PBL § 11 – 9 nr. 5, jf. § 1-8 nr. 3**
- b) **5. Landbruks-, natur- og friluftsmål, jf. PBL § 11-7, NR. 5 bokstav b.**
- c) **7. Unntak for byggjeforbodet i 100-metersbeltet**

Formålet med planarbeidet er:

Å fastsetje byggegrense mot sjø basert på overordna arealbruk fastsett i kommuneplanen sin arealdel og målsettingane i kommunen sin Samfunnsdel og Planstrategi. Dette med sikte på:

- å sikre ei berekraftig utvikling av lokalsamfunna i kommunen til beste for befolkninga og framtidige generasjonar, regionen og storsamfunnet.
- å fastleggje arealbruken med juridisk bindande verknad, slik at areal til privat og offentleg utbygging, næringsverksemd, landbruk, rekreasjon, råstoffutvinning m.m. vert sikra på ein funksjonell, tenleg og økonomisk berekraftig måte.
- at arealbruken skal ta utgangspunkt i statlege krav og retningslinjer for arealbruken i kommunen til beste for innbyggjarane samtidig som natur-, og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser vert ivaretekne.

## **4.3 Konsekvensar, krav om konsekvensutgreiing**

For kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging som kan få vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing, jf. PBL § 4-2, 2. ledd.

Vi viser til utgreiingar i tilknytning arbeidet med arealdelen vedteken i 2015:

- **KONSEKVENSENTGREIING; UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGG TIL REV. KOMMUNEPLAN**

- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning langs strandsona langs sjøen(100 meters beltet langs sjøen). *UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGGTIL REV. KOMMUNEPLAN*
- *NATURMANGFALDSLOVA, UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGG TIL REV. KOMMUNEPLAN*
- *STORLEIK PÅ NAUST OG NAUSTA SIN BRUK - UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKET I FRAMLEGG TIL REV. KOMMUNEPLAN*

Dei ulike utgreiingane over gjeld areal frå tidlegare arealplan og nye areal som kom inn i kommuneplanen sin arealdel. Vi legg no til grunn for arbeidet med byggegrenser at det ikkje skal takst inn nye byggeareal. Slike tiltak høyrer heime i arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel og er ikkje omfatta av denne saka. Areal som ikkje er omfatta av dokumenta over vil i planarbeidet bli særskilt utgreidde opp mot byggegrenseproblematikken om det vert avdekkja uavklara forhold av betydning for byggegrense.

Dette gjeld:

- a) Reguleringsplanane som i føresegnene til arealplanen er føresett å gjelde samt nyare planar– som manglar byggegrense mot strandsona, off. veg og vassdrag som omtala over.

For byggegrense langs off. veg vil dei enkelte byggeareala sin arealbruk, utnytting og storleik vurderast opp mot vegen si funksjon/standard, trafikkmengd og kryss/avkøyrsleregulering vere vesentleg.

For fastsetting av byggegrensa for dei enkelte byggeareala legg vi til grunn kan skje med bakgrunn i areala sin funksjon sett opp mot utgreiingane, føringane og målsettingane nemnt i pkt. 4.2 over. Vi påpeikar særskilt at dersom det skulle vise seg at det er skjedd vesentlege endringar knytt til naturmangfaldet og andre offentlege interesser knytt til forvaltning av strandsona, så vil desse bli i varetekne i dokument og planframlegg.

Saksutgreiinga skal gjennomførast med utgangspunkt i noverande utgreiing «*Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning langs strandsona langs sjøen(100 meters beltet langs sjøen). UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGGTIL REV. KOMMUNEPLAN*».

Vurderingane vil basere seg på kjende registreringar, fagleg skjønn, synfaringar og andre kjende opplysningar. Utgreiingane skal vere tilpassa plannivået og skal vere relevant i forhold til dei avgjerdene som skal takast og så langt det let seg gjere, basere seg på og vidareføre kunnskap som ligg føre, jf. § 9 i forskrifta. Som utgangspunkt for vurderingane vil vi nytte regionale og nasjonale databasar og lokal kunnskap.

For areal som er fastsett som byggeareal i kommuneplanen sin arealdel eller i gjeldande reguleringsplanar skal vurderast/takast utgangspunkt i:

- Areal sin funksjon og føresette utnytting/bebyggelse
- Anleggs- og bygningsmessige vilkår for bygging og drift av dei ulike arealfunksjonane
- Nødvendige tilknytingspunkt for bygningsmassen, anleggstiltak og transportforhold
- Særskilde forhold knytt til fylling og etablering av kaifront i sjø.
- Funksjonell strandsona

- rammeplanen for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg

## **5 OVERORDNA RAMMER OG FØRINGAR**

### **5.1 Kommunale planar**

Gjeldande kommuneplan sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar er, i tillegg til kommuneplanen sitt pågåande arbeid med revisjon av samfunnsdelen (jf. vedteke planprogram) sentrale dokument i planarbeidet med å fastsetje byggegrenser mot sjø. Gjeldande kommuneplan har areal i 100 m` s beltet til dei fleste arealføremåla som kommunen treng. I samfunnsdelen er det gitt føringar med sikte på god arealforvaltning til beste for lokalsamfunna, kommune, regionen og landet som heilskap.

### **5.2 Lovverk**

Det visast særskilt til:

- Plan- og bygningslova
- Forskrift om konsekvensutgreiingar
- Jordlova
- Forureiningslova
- Vassressurslova
- Lov om kulturminne
- Lov om naturvern
- Veglova

### **5.3 Statlege rundskriv og rettleiarar**

Det visast særskilt til:

- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

### **5.4 Fylkeskommunale plandokument**

Det visast særskilt til:

- Regional plan for vassforvaltninga for Møre og Romsdal
- Regional planstrategi og Fylkesplan for Møre og Romsdal.

### **5.5 Oppstart av planarbeid**

Oppstart av planarbeidet (kunnngjering av 1 OPPSTART AV RULLERING AV KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL VEDKOMANDE

- ETEBLERING AV BYGGEGRENSER MOT SJØ, (JF. 100 M` S BELTET)
- ETABLERING AV BYGGEGRENSER MOT OFFENTLEG VEG
- ETABLERING AV BYGGEGRENSER MOT VASSDRAG SOM HAR BETYDNING FOR NATUR-, KULTURMILJØ- OG FRILUFTSINTERESSER
- og 2 UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN )

er gjort kjent ved varsel gjennom eiga annonse i lokalavisa Vestlandsnytt. Berørte offentlege mynde, kommunale høyringsorgan og relevante berørte organisasjonar er varsla ved oversending av varslingsdokumenta. I tillegg ligg varslingsdokumenta på kommunen si heimeside.

Dokumenta består av annonse, følgjeskriv til annonse og framlegg til planprogram, der formål, prosess og kva tema som skal vere sentrale i arbeidet går fram (dette dokumentet). Forslag til planprogram er sendt ut på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn samstundes med varsling av oppstart av planarbeidet. Frist for å kome med innspel til planprogrammet er sett til 14. desember 2020. Høyringsfristen som Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sett for uttale til «Forslag til reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen» er 1. oktober og ev. ønska avvik vil då vere kjent før fristen for merknader for dette planprogrammet.

## **5.6 Utarbeiding av planframlegg**

Planprogrammet er eit verktøy for å styrke medverknad og gode planprosessar. Gjennom planprogrammet har kommunen søkt å gjere ei klar avgrensing på dei temaa som, ein så langt kan sjå, hastar å få avklara i forhold til konkret bruk av gjeldande vedtekne arealplanar; arealdelen i kommuneplanen og gjeldande reguleringsplanar.

Gjennom den politiske handsaminga vil politiske rammer og premissar verte fastsette. Som grunnlag for dette planprogrammet ligg vedteke planprogram for Samfunnsdelen (K-styret i juni 2020) og kommunestyret sitt vedtak av planstrategien (i september 2020). Arbeidet med ferdigstilling av samfunnsdelen pågår og «byggegrensedelen» samkøyrast med det arbeidet.

Som følgje av planprogrammet og planprosessen vil kommunen utarbeide planframlegg med eventuelle alternativ. Planarbeidet vil ha ulike trinn:

### **5.6.1 Arbeid med planskisse for byggegrensar**

- Gjennomgang av; gjeldande kommuneplan/arealplan og gjeldande reguleringsplanar.
- Arbeid med konkret vurdering av byggegrensa for dei ulike areala – førebels skisse. Vurdering av ev. alternativ.
- Medverknad/ bygdemøter /møter

### **5.6.2 Vurdering av ev. alternativ**

I særlege tilfelle, der konflikt mellom vern- og brukarinteresser gjer seg gjeldande, skal vurderast alternativ med tilbaketrekt byggegrense i forhold til:

Areal sin funksjon, anleggs- og bygningsmessige vilkår for drift av dei ulike arealfunksjonane, nødvendige tilknytingspunkt mellom bygningsmasse, anleggstiltak og transportforhold og ev. særskilde forhold knytt til fylling og etablering av kaifront i sjø.

I særlege tilfelle, der konflikt mellom rammeplanen for avkøyrslar og differensierte byggegrensar langs fylkesvegar og funksjonell bruk av byggeareal oppstår, skal i tillegg vurderast:

Byggegrense og arealbruk sett i samanheng med plassering av avkøyrslar/kryss og sett i samanheng med funksjonell strandsone

### **5.6.3 Arbeid med planomtale og vurderingar**

- Tematiske avklaringar under vegs i planarbeidet, jf. pkt. 4.

### **5.6.4 Arbeid med endeleg plandokument**

- Revisjon av Plankart (arealdelen i kommuneplanen)
- Revisjon av Føresegner (arealdelen i kommuneplanen)
- Planomtale (kort omtale og grunngjeving, jf. også punkt under)
- Konsekvensanalyse/jf. m.a. revisjon av dokumentet «Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning langs strandsona langs sjøen(100 meters beltet langs sjøen). UTGREIING OG VURDERING AV TILTAKA I FRAMLEGGTIL REV. KOMMUNEPLAN». Alternativt eige notat.
- Medverknad

### **5.6.5 Handsaming av planframlegg i formannskap**

Vedtak om offentleg ettersyn i formannskapet.

## **5.7 Offentleg ettersyn**

Som følgje av vedtak i formannskapet vert planframlegget lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Utkastet skal sendast til offentlege mynde, berørte statlege organ og organisasjonar. Framlegget vert lagt ut på eigna plass i dei ulike bygdelaga og på kommunen si heimeside.

## **5.8 Handsaming av plan og utgreiing**

Basert på mottekne høyringsuttalar slutthandsamar kommunen planframlegget.

Aktuell vidareføring:

- Ingen endringar
- Justering av plan som følgje av merknader med påfølgjande utgreiingar
- Justering av plan som følgje av merknader frå motsegnsmynde (ev som følgje av dialog), tilhøyrande utgreiingar.
- Vurdering av nytt offentleg ettersyn om endringane er vesentlege.

Formannskapet legg fram saka for kommunestyret som gjer endeleg vedtak.

# **6 PLANPROSESS, ORGANISERING OG MEDVERKNAD**

## **6.1 Planprosess**

Planprosessen gjennomførast i h.h.t. plan- og bygningslova (pbl) sine bestemningar:

### a) Forvarsling av planarbeidet

Forvarsling i h.h.t. pbl §11-12 der berørte offentlege organ og andre interesserte vert varsla om formål og viktige problemstillingar for planarbeidet. Det kunngjerast ei melding om dette i lokalavisa (Vestlandsnytt) og på kommunen si heimeside.

### b) Planprogram

Framlegg til planprogram etter reglane i pbl §4-1 vert lagt ut til høyring samtidig med forvarsling av planarbeidet. Varsling/oversending av dokumentet skjer samtidig og på same måte som forvarslinga.

Merknader til Planprogrammet vert handsama, og revidert planprogram vert lagt fram for kommunestyret til handsaming/avgjerd.

c) Planframlegg (fastsette byggegrenser i arealdelen til kommuneplanen)

Med bakgrunn i Planprogrammet utarbeidast framlegg til byggegrenser for dei aktuelle areala. Førseigna til arealdelen justerast og tilpassa fastsette byggegrenser på plankartet. Framlegget handsamast av Formannskapet før det vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Merknader vert vurdert, byggegrenser og førseign ev. justert, og framlegget vert lagt fram for kommunestyret til avgjerd.

## 6.2 Organisering

I samsvar med planansvaret i kommunen:

- Kommunestyret skal vedta Planprogrammet og framlegg til planendring.
- Formannskapet har i dag delegert planmynde frå kommunestyret og vil vere styringsgruppe (S)
- Rådmannen v/ teknisk sjef etablerer prosjektgruppe (PG)

## 6.3 Medverknad

For å få gode innspel frå fylke, tilgrensande kommunar, andre regionale mynde og høyringsorgan, grunneigarar, interessegrupper, andre organisasjonar og folk flest er det lagt opp til medverknad med ope møte. Det vert teke sikte på eitt fellesmøte for heile kommunen. Møtet vert halde når skisser utarbeidde under pkt. 5.6 A) er ligg føre.

Det vil bli halde eit særskilt felles møte med

- o Sande eldreråd
- o Sande ungdomsråd
- o Born og unge sin representant
- o Kommunalt råd for funksjonshemma

Dersom prosjektgruppa fin det tenleg vil det også bli halde ope møte i samband med at planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Alle ope møter vert haldne i h.h.t. dei til ei kvar tid gjeldande råd frå Folkehelseinstituttet (FHI). Avvik frå ovannemnde kan såleis førekome.

Informasjon om prosessen og tilhøyrande dokument vil vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

## 7 FRAMDRIFT

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealdel vedkomande byggegrenser er eit prioritert planarbeid i kommunen. Dette med bakgrunn i at no gjeldande praksis for handsaming av pbl §1-8 krev fastsett byggegrense for å kunne gje løyve til tiltak i h.h.t. gjeldande plan. Det er difor lagt opp til ein stram framdriftsplan, men likevel slik at arbeidet vert koordinert med pågåande revisjon av samfunnsdelen knytt til kommuneplanen. Målet er at framlegg til byggegrenser i kommuneplanen sin arealdel skal vere vedteken seinast i løpet av hausten 2021.

Nedanfor er vist ein grov oversikt over forventa framdrift. I tillegg til det som går fram av framdriftsplanen, vil det bli gjennomført ei rekkje arbeidsmøte og møte med styringsgruppa.

Aktivitet	Ca. tidsplan
Varsel om oppstart av planarbeidet. Planprogram og varsel om oppstart sendt ut på høyring. Frist 6 veker	Oktober/november 2020
Planprogrammet vert justert. Vedtak i K-styret	Januar/februar 2021
Arbeid med planskisse, medverknad/folkemøte, møte med særskilde grupper	Februar/mars 2021
Arbeid med ferdigstilling av planutkast	Mars-april 2021
Politisk handsaming, formannskapet	Mai 2021
Offentleg ettersyn. Planframlegget ut til offentlig ettersyn (6 veker + 2 veker om ferietid inngår)	Mai-Juni ev. del av juli 2021
Vurdering av merknader/innspel. Vurdering av endringar i planframlegget	August 2021
Vedtaksprosess, handsaming i formannskap og kommunestyret	September 2021

\_\_\_\_\_

Kåre Gjengedal

Siv.ing./planleggar, RIF